



**NSG**  
Norsk Sau og Geit

## Referat

### **Årsmøte "Sogn og Fjordane Sau og Geit" 70 Års Jubileum**

**Tidspunkt: 23. – 24. Februar 2018**

**Stad: Thon Skei Hotell, Jølster**

**Tal møtte med røystrett: deltakarar**

**Representantar frå lokallag :** Lokallag representert med stemmerett 23 Røysteføre 39

**Representantar frå styret :** 6

**Innleiarar:** Kjell Erik Berntsen, NSG

**Valnemd:**

**Gjester/Andre:** Ole-Ivar Åm Sognnes, Sogn og Fjordane Bondelag,  
Hallvar Espeseth, Æresmedlem

## ÅRSMØTEREFERAT

**Opning ved leiar Ragnhild Sæle og styreleiar i NSG, Kjell Erik Berntsen.**

Ragnhild Sæle ønska velkommen til årsmøte.

Kjell Erik Berntsen, styreleira i NSG opna med å gratulere Sogn og Fjordane sau og geit med 70 års jubileum og overrakte helsing frå NSG sentralt med ein flott blomsteroppsats.

Sogn og Fjordane har den største andelen med hovudmedlemmer, men bør ha eit potensiale i å verve husstands medlemmer.

Sogn og Fjordane er godt egna for småfehold. Har 1/6 del av geita i landet og 1/10 del av sauene i landet.

### **Markering av 70 Års Jubileum**

Fredagskvelden var det årsmøtemiddag og markering av 70 års jubileet. Her var æresmedlemmer inviterte. Det vart delt ut prisar for beste, geit, bukk og ver.

Arne Sølberg var med som festtalar, og gjorde kvelden til ein flott kveld og ei 70 års markering verdig. Alle festdeltakarane fekk med seg ein stålkopp med NSG på som minne frå markeringa.

## **Kjell Erik Berntsen frå NSG**

### **Informerte om organisasjonen og viktige interesseområder i NSG.**

Spørsmål til innlegg:

Gunn Sande:

- Ser ikkje kystgeita på raselaglista? Det må søkast på å bli med som raselag.
- Fylkeslag, samanslåing? Ynskjer å bruke litt meir tid på å slå i hop fylkeslaga på sau.
- Beitetilskudd? Ynskjer å få friske midlar på beitetilskudd
- Geit? Geita står høgt på prioriteringslista i NSG

Jan Kåre Ravnøy:

- Gjetarhund og brukspro for å gjetarhunden laus i utmarka.
- Samanslåing av gjetarhundlag. Bør følge fylkeslaga.

Kjell Olav Kusslid

Når ein har så store overskot av sau på lager til låge prisar, kvifor finn vi ikkje meir i butikk ? NSG har teke dette opp. Nortura seier butikkane ikkje vil ta det inn, og Kjødane skuldar på at Nortura ikkje kan skaffe det. NSG tek tak i dette, og skal ha møte med Landbruksminister, Nortura, KLF og Kjødane.

Arne Søvberg:

Syns det er urettferdig at Gamalnorsk sau kjem dårleg ut i klassifisering.

Erling Offerdal:

Takka for ei god tale. Viktig å fokus på medlemsverving, kanskje mykje fokus på rovdyr, viktig med medlemsinfo, medlemsfordeler.

Oppfordrar ellers at ein må ha fokus på at sauene skal være ei utmarksnæring.

Eli Berge Ness: Kommenterte satsingslista til NSG. Meiner vi må fokusere på sauene som beitedyr,

Gunn Sande: Bondelaget må hugse at vi skal gå inn i Jordbruksforhandlingane med mål om at vi skal ha inn friske midlar og ikkje omfordeling.

Vidar Sandal: Syns 1 mars er tidleg frist for innspel frå Fylkeslaget.

### **SAKLISTE:**

- 1) Namneoppdrag
- 2) Godkjenne innkalling, sakliste og forretningsorden. Eli Berge Ness sakna innspel til Jordbrukstingane. Svein Helge Hovstad spurte om når fristen var. Ragnhild Sæle svarte at det har vore sendt ut tilbakmeldingsfrist tidlegare, og dette er behandla av styremøte 3.februar grunna fristar frå NSG sentralt. **Samrøystes godkjent**
- 3) Velje 2 representerantar saman med møteleiaren for 2018 til å skrive under møteprotokollen.  
Møteleiar: **Geir Ole Ervik**  
2 til å skrive under møteprotokoll: **Sigurd Vikesland og Erling Offerdal**

**Leiaren sin tale:** Ragnhild Sæle las opp talen.

Kommentarar til leiarens tale:

Eli Berge Ness : Kvifor vert ikkje innspel til jordbrukstingingane ei sak på årsmøtet

Ber difor om at Sogn og Fjordane sau og geit tek inn dette som ei sak i saklista, slik at ein får anledning til uttale seg om denne saka på årsmøtet.

#### 4) **Handsame årsmelding for 2017**

Kommentarar til årsmeldinga:

Gunn Sande: Betenkeleg at 26 lokallag ikkje møter på fylkesårsmøte i Sogn og Fjordane

Solgunn Haugen : I etterkant av lokallagssamlinga vart det sendt ut informasjon til dei laga som ikkje møtte og fekk berre 2-3 svar.

Eli Berge Ness: Saknar heimesida. Er flinke å legge ut når ein oppmoar om det, ellers er det dårleg. Kommenterte holdninga til næringa sjølv. I Jubileumsnummeret til Sau står det at når prisen er så låg, bør ein berre slå i hel sauene heime og grave den ned. Dette skal vi holde oss for god til. NSG er småfehaldet sin organisasjon. Sakna rein geitekontakt i lokallaga når vi no har gjetarhundkontakt i laga.

Arne Sølvberg: Leiarsamlinga bør leggest til årsmøte.

Kjell Olav Kusslid: Sau og Geit må også være opptekne av å halde oppe prisen, ikkje berre tilskudda.

Vidar Sandal: Har nok ein jobb å gjere på medlemsverving. Når det gjeld geit, så er det 285 geitebruk. Sanering har vore ei stor utfordring. Kunnskap er viktig.

#### **Årsmeldinga vart godkjent**

##### **Årsmelding frå avlsutvalet i Sogn og Fjordane:**

Jakob Andre Sandal: Ull/dauhår. Ser ein tilbake på kåringsstatistikken, ser ein at vi er tilbake på 2012/2013 nivå på vraking. Tydleg at ein ikkje føler dommarinnstruksane likt i heile landet.

Eli Berge Ness: Dette bør føljust likt over heile landet. Oppsummeringsskjemaet for kåringsavgift er ikkje gode nok. Gamle skjema med overstrykingar og styr. Dette må avlsutvalet fikse opp i.

Johannes Nedrebø: Dette skal vi ta tak i på neste møte i avlsutvalet.

Vidar Sandal: Det vert kommentert at lysforhold kan være utfordrande. Dette bør vi prøve å forbetre.

Erling Offerdal: Ull og dauhår har vore eit gjentakande tema kvart år. Dette må snart bli slutt på, og det må bli likt over heile landet.

Årsmelding avlsutvalet godkjent

**Årsmeldinga for geitegruppa:**

Gunn Sande: Saknar ar geitegruppa er litt på i høve ammegeita.

Jo Risløw: Det kunne nok geitegruppa vore, men vi heller ikkje hørt noko frå ammegeithaldarane.

Geir Ole Ervik: Kystgeita er innafor dei vernverdige rasane, i såleis bør ivaretakast

Gunn Sande: Meiner at geitegruppa bør jobbe litt for denne gruppa også.

Årsmelding for Geitegruppa godkjent

**Årsmelding frå gjetarhundnemnda:**

Godkjent

- 5) Handsame rekneskap og revisjonsmelding. Årets resultat – kr 65 047,-  
Ingen kommentarar til rekneskapen.  
**Rekneskapen er revidert og godkjent.**

**6) Handsame arbeidsplan for 2018**

- Styremøte etter behov
- Sende ut medlemsinformasjon
- Arrangere tur til Færøyane 30.juli – 2.august 2018
- Småfesamling 2018
- Medlemsverving
- Prøve å få til Apotekavtalen
- Geitehelg 24.- 25. november 2018
- Samling for lokallaga
- Jordbrukstingingane

Vidar Sandal: Har styret konkrete planar for verving ?

Svein Helge Hovstad lurar på korleis Apotekavtala fungerer ?

Ragnhild Sæle: Oppmodar lokallaga å gjere ein jobb, tenker å lokke med ein vervepremie. Forklarte også litt om Apotekavtala som ein prøver å få til, for å få ned medisinkostnader.

Kjell Erik Berntsen: Største delen av kontigenten frå støttemedlemmer vart att i lokallaga.

Gunn Sande: Oppfordrar om ammegeita vert teken med under geitehelga.

Vidar Heggheim: Bra med støttemedlemmer. Kva skal vi seie til folk for å få dei til å bli medlemmer, og kva får dei att?

Ragnhild Sæle: Enige i at ein må prøve å informere om kva medlemsfordeler ein har.

Jan Kåre Ravnøy: For å få fleire lokallagsmedlemmer på årsmøte/leiersamling, så må vi ha interesserte foredrag/emne.

Ragnhild: Kom gjerne med innspel til tema. Ellers er tilbakemeldingane frå fleire lokallag at ein ynskjer å ha med den sosiale delen.

Arne Sølvsberg: Ynskjer ikkje for mange samlingar i året. Syns det er nok med 1 større samling i året. Som kårfolk, men forsatt interessert i medlemsbladet, ynskjer eg bladet utan å måtte betale full kontingent for det.

Kjell Erik Berntsen: Seier det skal kunne være gjort unntak for kårfolk. Men at det er krav om at ny brukar er hovudmedlem.

Jakob Andre Sandal: Det fins også ei nettutgåve som er «ferskare». Kjem ut 10 dagar før bladet.

Jostein Flatland: Forklarte om gruppa for Innspel til Jordbrukstingingane og prosessen. Dette er på ingen måte nokon hemmelegheiter.

#### 7) Inkomne saker. Ingen inkomne saker.

Bondelaget i Sogn og Fjordane, Ole Ivar Sognes. Gratulerer med 70 årsjubileum. Vi har gode forhold i Sogn og Fjordane for å drive med småfe. Korleis skal vi forhold oss til overskotssituasjonen på sau ? Tek i mot gode innspel. Viktig å fokus på uttak av Jerv.

Vidar Sandal: Bondelaget er veldig på for små og mellomstore bruk. Er spent på kor mange slike små og mellomstore bruk som slår igjennom ved tildeling av tilskotsmidlar til sauebygg.

Kjell Kusslid: Bondelaget må også tenke på dei som også skal leve av sauene. Sognes vil ha inn innspel og signal frå ulike møter.

Erling Offerdal: Skal ein plukke frå slaktetilskudd for lam, så må vi være sikre på at vi får att friske midlar.

Arne Sølvsberg: Det er ein god diskusjon om lammetilskotet. Er ikkje så redd å ta noko av lammetilskotet og legge over på mordyra. Vi Stryn meiner vi at det bør være eit tak på til dømes 700 lam eller liknande. Kan ikkje halde på så flate tilskot på alt.

Eli Berge Ness: Syns det er viktig at Bondelaget høyrer på fleire og får inn forskjellige innspel. Satsing på små og mellomstore bruk er viktig.

Geir Ole Ervik: Innspel til Jordbrukstingingane vert lagt ut i kveld. Vert anledning å diskutere på lokallaga sin time lørdag, men vert som det er.

Vidar Sandal: Syns det er tragisk at vi ikkje får lagt fram forslag til Jordbrukstingingane før i kveld. Det er såpass viktig for demokratiet at ein får uttale seg. Ikkje berre måtte godta det ei gruppe har bestemt og sendt i

8) **Val etter vedtektene.** Sjå forslag frå valnemnda , - Fastsetje godtgjersle.

**Styre:**

Ragnhild Sæle, Jølster, Leiar.	Attval 1 år (38 mot 7 blanke)
Jo Risløw, Vik i Sogn	Attval 2 år (45 samrøystes)
Odd-Jarle Øvreås, Holmedal	Attval 2 år i styret, (45 samrøystes)
	Som nestleiar for 1 år, (45 samrøystes)

Thomas Manseth Bjørhovde, Eid  
Solgun Haugen, Lærdal

**Varamedlemmer:**

Jostein Flatland, Sogndal	Attval for 1 år
Margrethe Garlid, Stryn	Attval for 1 år
Vidar Sandal, Breim	Attval for 1 år

**Revisorar**

Ove Årdal, Jølster	Attval for 1 år
Inge Erikstad, Jølster	Attval for 1 år

**Vara for revisorar**

Inge Årdal, Jølster	Ny for 1 år
Jon Sandal, Jølster	Attval for 1 år
Møteleiar	
Geir Ole Ervik, Selje	Attval for 1 år

**Vara for møteleiar**

Johannes Gunvordal, Sogndal	Attval for 1 år
-----------------------------	-----------------

**Utsendingar til landsmøte NSG**

Jo Risløw, Vik i Sogn  
Odd-Jarle Øvreås, Holmedal  
Thomas Manseth Bjørhovde, Eid  
Solgunn Haugen, Lærdal

**Varautsendingar**

1. Jostein Flatland
2. Margrethe Garlid, Stryn
3. Vidar Sandal, Breim
4. Tom Idar Kvam, Luster

**Godtgjersler tillitsvalde:**

Godtgjersle til leiar kr 13000  
Godtgjersle til sekretær kr 7000  
Møtegodtgjersle pr.møte kr 1300

Telefongodtgjersle til leiar kr 1000  
Telefongodtgjersle til sekretær kr 500  
Telefongodtgjersle styremedlem kr 500

9) Handsame og vedta budsjett for 2018.

**Budsjett samrøystes vedteke**

10) Velje ny medlem til valnemnda med vara.

**Valnemnd for 2018**

Svein Helge Hovstad (Leiar)  
Lars Nesse  
Øystein Holsen (Ny for 3 år)

**Vara til valnemnda for 2018**

Sigurd Vikesland  
Ingunn Reme



Johannes Nedrebø  
Referent



Geir Ole Ervik  
Møteleiar



Sigurd Vikesland  
Sign

Erling Offerdal  
Sign